



# **Temoplan idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet**

## **med tiltaksplan 2025-2028**

# INNHALD

<b>INNHALD.....</b>	<b>2</b>
<b>TEMAPLAN IDRETT , FRILUFTSLIV OG FYSISK AKTIVITET .....</b>	<b>3</b>
<b>FORMÅL OG BAKGRUNN .....</b>	<b>3</b>
<b>DEFINISJONAR OG BEGREPSAVKLARINGAR.....</b>	<b>3</b>
IDRETT .....	3
FYSISK AKTIVITET.....	3
FRILUFTSLIV .....	3
IDRETTSANLEGG.....	3
NÆRMILJØANLEGG.....	3
ORDINÆRE ANLEGG .....	3
FRILUFTSOMRÅDE .....	3
<b>NASJONALE, REGIONALE OG LOKALE FØRINGAR .....</b>	<b>4</b>
NASJONALE FØRINGAR .....	4
.....	4
REGIONALE FØRINGAR .....	4
LOKALE FØRINGAR.....	5
<b>EKSISTERANDE ANLEGG, FRILUFTS- OG FRIOMRÅDE .....</b>	<b>5</b>
EIKERAPEN.....	7
KYLLAND .....	7
KYRKJEBYGD.....	7
LOGNAVATN.....	8
BORTELID .....	8
LJOSLAND .....	8
<b>STATUS AKTIVITET.....</b>	<b>9</b>
<b>SATSINGSMÅLGANG .....</b>	<b>10</b>
<b>PRIORITERT TILTAKSPLAN 2025-2028 .....</b>	<b>12</b>



# Temaplan idrett , friluftsliv og fysisk aktivitet

## Formål og bakgrunn

Gjennom spillemiddelordninga er det mogleg for kommunen å delvis finansiere idretts- og friluftslivanlegg med eksterne midlar. Ein føresetnad er at anlegget som skal etablerast er ein del av ein anleggsplan.

I føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet heiter det at:

«Anlegget skal være del av en vedtatt kommunal plan som omfatter idrett og fysisk aktivitet.»

Tidlegare var det eit krav frå departementet om at dette måtte vere ein kommunedelplan, men dette er no endra. Kommunestyret gjorde i sak 53/22 vedtak om å revidere planen i 2023 og då som ein temaplan. Temaplanen skal bidra til å gjennomføre ei målretta utbygging, tilrettelegging og vedlikehald av anlegg og område for idrett og friluftsliv.

## Definisjonar og begrepsavklaringar

### Idrett

Idrett er fysisk aktivitet som vert utøva for å betre den fysiske og psykiske helsa gjennom mosjon og rekreasjon (mosjonsidrett) eller for å oppnå best moglege resultat i øvingar med fast struktur og regelverk (konkurranseidrett).

### Fysisk aktivitet

Fysisk aktivitet vil seie all kroppsleg bevegelse som fører til at du brukar meir energi enn når du kviler. Dette kan vere både lett kvardagsaktivitet, mosjon og trening.

### Friluftsliv

Friluftsliv vil seie opphold og fysisk aktivitet i friluft med sikte på å oppnå miljøforandring og naturopplevingar.

### Idrettsanlegg

Et idrettsanlegg er eit anlegg der ein kan utføre idrett. I spelemiddelsamanheng er idrettsanlegg delt inn i følgande hovudkategoriar: Nærmiljøanlegg og ordinære anlegg.

### Nærmiljøanlegg

Nærmiljøanlegg er eit utandørs anlegg eller område for eigenorganisert idrett eller anna fysisk aktivitet som i tilknyting til bu- eller oppholdsområde. Nærmiljøanlegg kan unntaksvis brukast til organisert fysisk aktivitet.

### Ordinære anlegg

Ordinære anlegg vil seie anlegg for organisert og eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet.

### Friluftsområde

Friluftsområde er eit område som det offentlege har skaffa seg råderett over og skal være tilgjengeleg for alle.

# Nasjonale, regionale og lokale føringer

## Nasjonale føringer

Den overordna visjonen for statleg idrettspolitikk er «*idrett og fysisk aktivitet for alle*». Statleg støtte til idrettsformål skal mellom anna bidra til at det skal vere mogleg for alle som ynskjer det å drive idrett og fysisk aktivitet i form av trening og mosjon (Meld. St. 26 (2011-2012)).

Ein viktig føresetnad for å få dette til er å satsing på anlegg for idrett, eigenorganisert aktivitet og friluftsliv gjennom bruk av spelemiddeltilskot. Prioriterte målgrupper er barn og ungdom, personar med funksjonsnedsetting og inaktive.

I handlingsplanen for fysisk aktivitet 2020-2029 «Sammen om aktive liv» er eit av hovudmåla å utvikle «*et mer aktivitetsvennlig samfunn der alle uavhengig av alder, kjønn, funksjonsnivå og sosial bakgrunn gis mulighet til bevegelse og fysisk aktivitet*».



Målsettingar og føringer for friluftslivpolitikk finn vi i Meld. St.18 (2015–2016) «Friluftsliv - Natur som kilde til helse og livskvalitet»:

1. *Friluftslivets posisjon skal ivaretas og videreutvikles gjennom ivaretakelse av allemannsretten, bevaring og tilrettelegging av viktige friluftslivsområder, og stimulering til økt friluftslivsaktivitet for alle.*
2. *Naturen skal i større grad brukes som læringsarena og aktivitetsområde for barn og unge.*

Dei viktigaste målgruppene i friluftsarbeidet er born, unge og personar som er inaktive. Friluftstiltak i nærleiken av der folk bur er prioritert.

## Regionale føringer

Arbeid med ny regional plan for fysisk aktive liv i Agder 2024-2034 er starta opp, og forslag til planprogram blei lagt ut på høyring i februar 2023. Politisk slutthandsaming av plan og handlingsprogram skal etter planen bli vedteken i løpet av desember 2024.

Planen skal være regionen si oppfølging av nasjonal handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029 «Sammen for aktive liv». Den skal danne grunnlag for prioritering av tilskot og andre verkemidlar innafor områda idrett og friluftsliv, samt bidra til å samordne innsats mellom offentleg og frivillig sektor

## Lokale føringar

Åseral kommune har nyleg revidert kommuneplanens samfunnsdel. Den vart vedteke i kommunestyret 10.10.2024, sak 46/24.

Visjonen for kommuneplanens samfunnsdel er «Åseral – ei positiv kraft». Overordna målsetting er at *alle i Åseral skal oppleve god livskvalitet og vere godt rusta til å møte framtida*. Samfunnsdelen er delt inn fem hovudområde med tilhøyrande mål og satsingar. I tabell 2 (s.11), tabell 3 (s.13) og tabell 4 (s.15) finn vi mellom anna følgjande mål som har innverknad på framtidige prioriteringar:

- Vi er gode på universell utforming på stader som bør vera tilgjengeleg for alle
- Vi legg til rette for auka bruk av aktivitets- og idrettsanlegga vår
- Vi har eit variert nærturløypenet med noko for alle
- Det er enkelt å finna informasjon om aktivitetar og turmål i heile kommunen
- Vi tek vare på naturområde i kommunen som er lokalt viktige område til jakt, friluftsliv og rekreasjon
- Vi vidareutviklar gode møteplassar både i hytteområda og i bygdesentra
- Vi satsar på tilrettelegging av aktivitetar knytt til Øre
- Vi tek vare på og prioritærer løypenettet ved fortetting/utbygging
- Vi bidreg til etablering av gode løyper i heile kommunen

## Eksisterande anlegg, frilufts- og friområde

I Åseral kommune er det etablert mange ulike anlegg og det er godt tilrettelagt for å drive mange typar aktivitet. Løypenettet er godt utbygd og det er god kvalitet på løypene. Totalt sett er det rundt 200 km preparerte løyper fordelt på Kyrkjebygden og hyttegrendene Eikerapen, Ljosland og Bortelid.

Fleire av DNT sine raudmerka turar i Setesdalheiene startar i lengst nord i kommunen. Dei nærmeste hyttene er Lakkenstova, Josephsbu, Kvinen og Gaukhei. Sjå <https://www.dntsor.no/> for meir info om DNT sine hytter og løypenett.



Gaukhei

Foto: Odd Helge Liestøl

Det er fleire gamle ferdsselsårer og mange turstiar og turmål som er merka rundt om kring i heile kommunen. Gode tutips til lokale turmål er tilgjengeleg for alle på Åseral kommune si heimeside eller i appen TellTur. Sjå <https://www.telltur.no/> for meir info om denne ordninga.

Fiskeplassar er etablert ved Rundatjønn på Bortelid, Torsland bru og i sørrenden av Ljoslandsvatnet.

Det er fem område i kommunen som er statleg sikra friluftsområde. Desse områda er:

- **Parkeringsplassar** ved Ljosland skisenter, Bortelid skisenter og Røysland.
- **Bortelidtjønna aktivitetsområde**. Bortelidtjønna ligg sentralt i sentrum på Bortelid, like ved butikk og servicebygg. Her er det planlagt ei rekke tiltak, mellom anna våtmarkssti, universelt utforma turveg, kultursti, flytebrygge, badstove, utescene og kultursti. Nokre av desse er tiltaka er påbyrja eller ferdigstilt, medan andre er planlagt fram i tid. Sjå biletene nedanfor for planlagde tiltak.




Oversiktskart planlagde tiltak Bortelidtjønna aktivitesområde.

- **Fiskland aktivitetsområde** ligg på austsida av Skjerkabrua ved Øre. I løpet av 2024 har grunnarbeidet blitt gjennomført og det meste av dei planlagde tilretteleggingstiltaka er på plass. Det som står att er arbeid med tilrettelegging av heilårs bålpass og informasjon/skilting.

Status eksisterande anlegg og aktivitetsområde i Åseral kommune pr. 1. november 2024 blir omtala i dei følgjande avsnitta:

### Eikerapen

Eikerapen er den hyttegrenda som ligg lengst sør i kommunen. Eikerapen har alpinanlegg med fire nedfartar, samt barnebakke. Løpenettet er på om lag 30 km. Sjå blå markering i kart nedanfor. Drift av løpenettet er eit samarbeid mellom grunneigarar og hyttevel.



Andre aktivitetsanlegg i området er minigolfbane. Sjå <https://www.eikerapen.info/> for meir info.

### Kylland

På Kylland er det grusbane ved grendehuset.

### Kyrkjebygd

Fleir brukshuset ved Åseral skule i Bordalen har basket-/volleyballhall, skytebane, treningscenter, symjebasseng, garderobar, scene og teleskoptribune, liten kinosal og kantine m/kjøkken.

Idrettsparken i Bordalen har 11'er kunstgrasbane, samt 5'er og 3'er, friidrettsanlegg og klatre/buldrevegg, aktivitetsområde med utandørs fitnessanlegg, ballvegg, basket- og sandvolleyballbane, handballbane med asfaltdekke, leikeområde med klatrestativ, runser og sklie, dekkjungel, skate- /sykkelpark og ballbinge.

Hundremeterskogen, som ligg mellom Åseral skule og Aktiv Åseral, har turveg med grusdekke, eventyrsti og ein flott gapahuk med grill/bålpllass og lager. I området ved parken er det montert lys i akebakken, slik at den er tilgjengelig fleire timar i døgnet.

Minneknattin aktivitetsområde ved Minne kultursenter med klatretårn, svingstenger, fuglehuske og hinderløype.

Ved rådhuset ligg det ein sandvolleyballbane og badeplass som er tilrettelagt med sandstrand, bord og benkar. Lysløypa er 3,5 km og startar her. Åseral IL driftar denne.

Dagsturhytta, som ein kan finne i alle kommunar i Agder, ligg midt i Kyrkjebymgd på Tippin, like nord for Bergshåmåren. Det er merka og skilta trasé til dagsturhytta frå parkeringsplassen ved idrettsparken i Bordalen.

På Løkjen like nord for Kyrkjebymgd ligg eit utandørs skyteanlegg med 100 og 300 meters skytebanar, samt bane for leirdue og viltmål. Åseral skytterlag driftar dette anlegget.

I Grokleiv ligg det ein ballbinge.

## **Lognavatn**

Like syd for Åknes kapell er det tilrettelagt badeplass, sandvolleyballbane, benkar og bord, grill, samt toalettanlegg. Åseral kommune har ansvar for drift av desse anlegga. I same område finn du også ein gapahuk og grusa sti som går langsetter elva til Lognavatn gjendehus. Lognavatn vel har ansvar for vedlikehaldet av sistnemnde anlegg.

## **Bortelid**

Bortelid ligg nordaust i kommunen, øvst i Logndalen, og er den største hyttegrenda i Åseral. Bortelid har alpinanlegg med seks skitrekk og fjorten nedfartar, flombelyst familiebakke, skicrossløype, skiband og barnebakke for dei minste. På Kvitefossmyra, knytt til løopenettet, ligg skiskyttarenaen. Løopenettet er på om lag 120 km. Bortelid Fjellpark står for drift av løopenettet.

Andre aktivitetsanlegg i området på Bortelid er sykkelløyper, rulleskiløype, discgolf, buldre- og klatreveggar og minigolfbane. I tillegg er det etablert gapahuker fleire stader knytt til løopenettet. For kartoversikt med løopenett, sjå [www.bortelid.no](http://www.bortelid.no)

## **Ljosland**

Ljosland ligg nordvest i kommunen og er den nest største hyttegrenda i Åseral. Ljosland har alpinanlegg med to skitrekk og åtte nedfartar, samt skiband og barnebakke. Løopenettet er på om lag 70 km. Ljosland skisenter og Jan Ove Flodquist står for drift av løopenettet, høvesvis på vest og austsida. For kartoversikt med løopenett, sjå [www.ljoslandinfo.no](http://www.ljoslandinfo.no).

Andre aktivitetsanlegg i området er skileikanlegg og dagsturhytte i nordenden av Farevatn. Rundt Grønlitjønn er det tilrettelagt ei universelt utforma rundløype med asfaltdekke. Om lag 1,5 km vest for Grønlitjønn ligg det også ei dagsturhytte.



På tur til dagsturhytta og skileikanlegget ved Farevatn, Ljosland.  
Foto: Randi Byremo

## Status aktivitet

Mange i Åseral kommune er medlem i eit eller fleire lag og foreiningar. Dei største i denne samanhengen er

- Åseral idrettslag
- Åseral skyttarlag
- Åseral scooterklubb

Overnemnde lag og foreiningar har mykje organisert idrett og aktivitet for fleire aldersgrupper. Åseral idrettslag (ÅIL) er eit fleiridrettslag med breitt tilbod til vaksne og born gjennom heile året. For meir info om aktivitetstilbodet – sjå <http://aaill.no/>

Frisklivsentralen i Åseral gir rettleiing og støttar dei som ønskjer å endra levevanar knytt til fysisk aktivitet, kosthald eller tobakk. Dei har tilbod om lågterskeltrening i treningssal og basseng.

## Satsingsområde

Åseral skal vera ein attraktiv kommune for fastbuande og tilreisande. Kommunen har i overkant av 900 innbyggjarar og om lag 2500 fritidsbustader. Desse er i hovudsak knytt til utbyggingsområda i Eikerapen, Ljosland og Bortelid. Tilrettelegging for kommunen sine innbyggjarar og tilreisande må ein sjå i ein samanheng. Det må vere eit mål for anleggsutbygginga å ha rekreasjonsområde og anlegg tilrettelagt for eit mangfald av aktivitetar heile året og for ulike aldersgruppergrupper.



Elevar på kanotur ved Skiphekkdaren.  
Foto: Tonje kallhovd

I samband med utviding av utbyggingsområda med fleire fritidsbustader, stiller kommunen krav til utbyggjar om utvikling av løypetrasear og anlegg for aktivitet sommar og vinter. Kommunen samarbeider med utbyggjarselskap og grunneigarsamarbeid for å finne gode løysingar som mange kan nytte.

Ved kommunalt tilskot til jordbruksvegar, skogsbilvegar og traktorvegar er det eit vilkår for tilskot at det blir lagt til rette for allmenn og organisert ferdsel i friluftssamanheng, t.d. ved merking.

I tilhøyrande føresegner for reguleringsplan av bustadfelt, vert areal til friområde, leikeplassar og liknande sikra.

Der det er mogleg skal vi etablere anlegg som er universelt utforma eller aldersvennleg. Samstundes skal det vere rom for variasjon. Det skal vere noko for alle – til dømes likar nokre stien i skogen betre enn turvegen med fast dekke. Vi skal tenke både/og heller enn enten/eller.

I Åseral kommune ønsker vi å satse på aktivitet og tiltak som:

- ivaretek behova til idretten
- rundløyper/nærturløyper og attraktive møteplassar for eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet (fortrinnvis fleirbruksanlegg) plassert der folk bur og oppheld seg.
- informasjon og synleggjering av turmål og turområde; Merke og skilte nye og etablerte stiar og turmål i samarbeid med friluftsråd, lag og foreiningar. Vi vil ha eit særskild fokus på informasjon om SVR og villrein ved innfallsportane og Ljosland og Bortelid, samt Eikerapen.
- bryggeanlegg for vannaktivitet som kano/kajakk/SUP.
- motorsportanlegg – til dømes bakkeløptrasé, motorcross- eller snøskuterbane
- innandørs fleirbruksanlegg for eigenorganisert aktivitet



## Prioritert tiltaksplan 2025-2028

Følgande tiltaksplan er Åseral kommune si prioritering av anlegg som kan finansierast ved hjelp av spelemidlar. Denne vil danne grunnlaget for den fylkeskommunale tildelinga. Anlegg som har fått godkjent søknad om spelemidlar er teken ut av tiltaksplanen.

Søknad år	Ordinære anlegg	Ansvarleg	Kostnads-overslag*
2025	Grasdalen skiløype og gapahuk	Ljosland vest velforening	2700
2025	Gapahuk Upsetjønn, Ljosland	Løypeutvalget Ljosland vest	550
2025	Ny løypetraé Upsedalen-Farevatn	Løypeutvalget Ljosland vest	286
2025	Oppgradering/omlegging løpenettverk Ljosland vest - Stigeboss og Ørnefjell	Løypeutvalget Ljosland vest	1180
2025	Revidering orienteringskart, Bortelid	Oddersjå IL	110
2025	Leirduebane, Løkjen	Åseral skytterlag	650
2025	Oppgradering/klopping gamle byveg, Kyrkjebygd	Åseral IL	Ikkje avklara
2025	Oppgradering turveg Stabakka nord, Kyrkjebygd	ÅK/SU	160
2026	Austre/vestre hola - tilførsel skiløype Bortelid	Bortelid F	601
2026	Motorcross-/snøscooterbane	Åseral scooterklubb	Ikkje avklara
2026	Lager/klubbrom/verksted	Åseral scooterklubb	Ikkje avklara
2026	Gjermundsløypa (del 1) Ljosland; skiløype frå skitrekket til nedregardsbrua.	Ikkje avklara	600
2027	Turløype Gluggevarden-Storaslåtta, Bortelid - utviding/utbetring skiløyper	Bortelid F	2040
2027	Singeltrackområde Murtebekken, Bortelid	Bortelid F	550

\* Total kostnad inkl. mva og evt. dugnadsverdi (tal i heile 1000)

Søknad år	Nærmiljøanlegg	Ansvarleg	Kostnads-overslag *
2025	Orienteringskart Kyrkjebygd sentrum	ÅK/SU	50
2026	Kvitfossmyra aktivitetsområde, Bortelid - område ved skiskytararena på Bortelid som skal tilretteleggast som aktivitetsområde for barn og unge i samband med regulering av området.	ÅK/SU	1000

\* Total kostnad inkl. mva og evt. dugnadsverdi (tal i heile 1000)